

## PP-tenesta og spesialpedagogisk hjelp

Dersom barnet ditt har særlege behov, kan han eller ho ha rett til spesialpedagogisk hjelp. Barnet kan ha rett på hjelp frå fødselen, og retten kan gjelde anten han eller ho går i barnehage eller ikkje.

Spesialpedagogisk hjelp kan til dømes vere trening og stimulering av barnet eller rådgiving til dei som jobbar i barnehagen. Du som er forelder, skal alltid få tilbod om rådgiving. Hjelpa skal vere tilpassa behovet til barnet ditt.

Dersom du eller nokre andre som kjenner barnet ditt, er bekymra for utviklinga til barnet, skal kommunen og PP-tenesta vurdere og gi råd om kva barnet treng.

PP-tenesta er ei offentleg teneste som utarbeider ei sakkunnig vurdering, som er eit dokument som viser om barnet treng spesialpedagogisk hjelp. Kommunen må gjere eit enkeltvedtak som seier om barnet har rett på spesialpedagogisk hjelp eller ikkje, og kva hjelpa skal vere. Du kan alltid klage på enkeltvedtaket.

### Kva er PP-tenesta?

PP-tenesta gir råd til barnehagar og skular om tilrettelegging for barn, unge og vaksne med særskilde behov. Dei kan samarbeide tverrfagleg på lokalt nivå, til dømes med helsetenesta eller barneverntenesta, og på statleg nivå med til dømes Statped. PP-tenesta har teieplikt.

### Kva kan du forvente av kommunen?

Kommunen skal

- sørge for at barnets beste blir vareteke
- involvere og spørje deg og barnet før dei tek avgjerder som gjeld barnet ditt
- ha samtalar med barnet og foreldra, og gjere nødvendige kartleggingar av barnet
- be PP-tenesta om å gjere ei sakkunnig vurdering dersom du ber om det, og dersom kommunen eller barnehagen meiner at barnet treng spesialpedagogisk hjelp
- gjere eit enkeltvedtak som seier om barnet skal få spesialpedagogisk hjelp eller ikkje, og beskrive kva hjelpa skal vere
- gi barnet spesialpedagogisk hjelp slik det står i enkeltvedtaket
- gi deg tilbod om foreldrerådgiving
- lage ein skriftleg rapport om den spesialpedagogiske hjelpa og utviklinga til barnet ein gong i året

### Kva kan du gjere?

Du som er forelder

- kan krevje at kommunen undersøker om barnet ditt treng spesialpedagogisk hjelp
- kan drøfte bekymringa di med PP-tenesta og barnehagen før tilvising
- skal bli involvert og seie ja før kommunen ber PP-tenesta om å gjere ei utgreiing og vurdering av barnet ditt
- skal bli involvert og seie ja før kommunen bestemmer at barnet ditt skal få spesialpedagogisk hjelp
- skal få ein skriftleg rapport ein gong i året om hjelpa barnet ditt får, og ei vurdering av korleis barnet utviklar seg
- kan klage dersom barnet ditt ikkje får spesialpedagogisk hjelp
- kan klage på innhaldet i, gjennomføringa av eller organiseringa av hjelpa